


# Folldal Menighetsblad



Nr. 5

Advent 2016

Årgang 27



Det var en munter og fornøyd gjeng med sjetteklassinger som feiret kirkens nyttårsdag og dramatiserte dagens tekst under Lys våken-gudstjenesten i Folldal kirke.

Foto: Mari Tallerås

# Livets gang

## **Døpte:**

Dalen:

13. november    Nora Brænd Nyvoll

## **Døde:**

Dalen:

18. oktober    Ivar Nystuen  
23. oktober    Ove Hjerkin

Folldal:

12. august    Anna Ragnhild Bakken  
31. oktober    Karoline Klokkehaug  
11. november    Anne Lien

Egnund:

21.11.    Sverre Haugrud  
23.11.    Magnhild Rønning

## **DEN NORSKE KIRKE • Øvre Folldal og Folldal menigheter**

Kirkekontoret, 2580 Folldal • [www.folldal.kirken.no](http://www.folldal.kirken.no)

### **Sokneprest Jon Olav Ryen**

Fridag mandag

Tlf. 62 49 10 00 (kont.) 900 12 378 (mob.)

E-post: soknepresten@folldal.kirken.no

### **Daglig leder Solveig R. Elgevasslien**

Tlf. 62 49 10 00 (kont.), 97 47 27 67 (priv.)

E-post: kyrkjeveren@folldal.kirken.no

### **Menighetssekretær/saksbehandler**

#### **Bård Høisen Lohn**

Tlf. 62 49 10 00

### **Fagarbeider Frode Solly** (tirs, ons, fre)

Tlf 62 49 10 00

### **Organist** (kantor)

Irina Grechaniuk, tlf. 463 79 284

### **Kirketjenere**

Folldal: Bård Høisen Lohn, tlf. 979 59 060

Dalen: Mari Tallerås, tlf. 403 28 031

### **Folldal kyrkjelege fellesråd:**

Erik Flataas (leder), tlf. 902 05 581

### **Menighetsråd/sokneråd/kapellutvalg**

Folldal: Anne Helga B. Øian (leder)

tlf. 480 35 438

Øvre Folldal: Grete Morken (leder)

tlf. 975 74 970

Egnund kapellutvalg:

Dagny Straalberg Mills (leder)

tlf. 922 85 655

### **Diakoniutvalg**

Kari Garmager, Solvår Lohn, Per Blæsterdalen,  
Reidun Phillips, Evy Kjølle (vara).

**Kirkestua** tlf. 62 49 00 85

### **Givertjenesten for Folldal prestegjeld**

Kirkekontoret, 2580 Folldal

Bankgiro: 1822.07.46646

### **Konto for frakt av brukte klær:**

1822.14.11621

### **FOLLDAL MENIGHETSBLAD**

#### **Redaksjonskomite:**

Arild Alander, Solvor Alstad, Oddfrid Eriksrud,

Kari Garmager, Jon Olav Ryen (red.).

Vararepr. Reidun Phillips.

#### **Ansvarlige utgivere:**

Folldal menighetsråd og Øvre Folldal sokneråd.

#### **Bladets adresse:**

Kirkekontoret, 2580 Folldal.

Bankgiro: 1895.25.27688

#### **Kirkens SOS**

Døgnåpen telefon: 22 40 00 40

*Neste blad kommer ut ca 20. februar*

## Ei ung kvinne fortel

Det er mykje eg ikkje forstår no. Her ein dag heldt eg på ute på gardsplassen og var akkurat på tur inn døra, då ein mann stoppa meg på troppa. Eg snudde meg, kunne ikkje seie at eg kjende han. Men han vekte min tillit der han sto. Eg nikka, og han sa eg ikkje måtte vere redd, han hadde ein viktig bodskap til meg. Eg stansa, og såg noko avventande på han. Korleis kan han vete noko om meg? Så hørde eg han seie: «Du har funne godvilje og gunst hos Gud. Gud er med deg.». Eg rygga bakover. Dette kan eg ikkje forstå. «Du skal verte med barn og få ein son, og namnet du skal gje han, er Jesus. Han skal vere stor og kallast Son åt den Høgste». Eg ville ikkje tru det han sa, og fekk stotra fram orda: «Det kan ikkje skje meg, eg har ikkje vore saman med nokon mann. Det er heilt umogleg». Han såg på meg og skjøna nok at dette ikkje var lett å svelge. «Barnet skal vere Guds son. Guds eigen Ande skal komme over deg, og Hans kraft skal overskygge deg. Slik skal barnet vere heilag som Gud, og vere Guds Son».

Eg sperra opp augo og såg på han: «Kva sa du? Guds son?» Kunne det vere meg som sto der ein heilt vanleg formiddag etter å ha sopt gardsplassen og så skulle inn og førebu middagen? Og her på troppa, får eg bodskapen om at eg skal bli mor til Guds son? Kan han ha teke feil av meg og ei anna ei? Eg ser meg rundt, mest rådløus over dette ufattelege som hender meg. Mannen held fram:» Ein ting til. Slektingen din, Elisabeth som er for gammal til å kunne bli mor, er også på veg, og ventar barn om kort tid». Eg trekker pusten djupt for å ta dette inn. Elisabeth, nei... Så hører eg han seie: «Ikkje noko er umogleg for Gud, ikkje gløym det!»

Eg ser meg omkring og tenkjer på alle dei underlege tinga som Gud har gjort, og veit med eitt at det er sant det mannen seier: «ikkje noko er for vanskeleg for Herren Gud». Eg må smile, at eg skulle vere den som får vere mor åt Gud sjølv? Eg rister uforståande på hovudet. Så seier eg: «Lat det bli slik du har sagt. Eg er Guds tenerinne». Så vart eg ståande att åleine...

Eg skulle bli mor, Guds mor. Eg...

Oppgåva er for stor for meg, men ikkje noko er for vanskeleg for Herren Gud. Han er med meg! Og ikkje nok med det. Josef- som eg er forlova med, og som er den mest trufaste og oppriktige mannen eg kjenner, fekk beskjed i ein draum: Sonen skal du gje namnet Jesus, for han skal gje folket berging frå hovmodet deira.

Tenk, dette barnet ber eg no! Han skal heite Immanuel: Det tyder Gud med oss.

Eg gler meg over å få vere mor til Guds Son. Få bere fram Guds eiga gåve til folket- seg sjølv. Gud med oss. Eg måtte berre fortelje det til deg og: Gud med DEG!

Gud er med deg, denne jula.



OEr



## Mot jul

### Desember har mange skikkar som vi ikkje alltid tenkjer over

Årets siste månad har namnet sitt etter det latinske decem, som tyder 10 ('ti'), ettersom denne månaden hos romarane var den tiande i året. Fyrst i den julianske almanakken vart desember den tolvte månaden. Hjå oss vart den i eldre tid òg kalla Kristmånad eller julemånad. Ikkje nokon annan månad i året har så mange skikkar og tradisjonar som det desember har. Sola går ned i Steinbukkens teikn i denne månaden.

### Adventstida

No er advent her, som tyder 'Herrens komme'. Samtidig har vi starten på kyrkjeåret. Jesu sitt komme feirar vi på slutten av månaden. Adventstida har fire sundagar fram mot juleftan. Den liturgiske fargen er fiolett.

I dei katolske landa er advent ei botstid med faste. Skikken med adventskrans kom frå Tyskland i 1830-åra, med grøne vekstar og lys, laga som ein ring, ofte med raude band, som er livets farge. Seinare kom den fiolette fargen for adventstida.

I dagane før jul bør vi tenkje over dagen i dag og kvifor vi feiar jula. Utan alt dette materielle som har så lett for å koma over oss, og til oss. La tankane vår gå til dei som har sorg og saknad etter sine kjære.

### Kva med julepynten?

Det stundar fort til jul, og juletreet og pynten har ei spesiell meaning. Ja, kva tyder juletreet og pynten på treet? Sjølve treet er evig grønt og er symbol på det evige liv. Dette høyrer med til julas djupaste innhald. No i seinare tid kan juletrefooten ha fleire slags formar. Men livets tre og korssets tre høyrer saman.

Lysa på treet kan ha fleire fargar, og det minner oss om han som sa: «Eg er verdsens ljøs». Stjerna set vi på toppen av treet, og vi kan da tenkje på at Betlehemstjerna synt dei tre vise menn vegen til Jesus. Englane vi pyntar med, i fleire utgåver, minner oss om at det var dei som tok bodskapen ned frå Gud til hyrdingane på marka. Julekorgar, små og store, med fleire fargar, som blir laga i skule og heim er også fin pynt på treet. Dei kan minne oss om at Jesus metta 5.000.

### Mange fargar

Alle folkeslaga høyrer saman, om dei er gule, svarte eller kvite. Det kan vi tenkje på når vi lagar lenker med forskjellig farga glanspapir. Det vakre norske flagget kan minne oss om at kristendommen kom til landet vårt.

Eit pynta juletre kan fortelja oss mye. Det er ikkje pakkane under treet som er det viktigaste. I denne travle tida før jul kan vi finne fram fleire ord til ettertanke. Skal vi stane opp for å tenkje?

Kari Garmager

## I forbifarten

*Kva slags juletre har du?  
Kva er menyen på julekvelden?  
Skal du til kyrkja juleftan?*



**Håkon Furuhojve**

- Før i tida hadde vi juletre kvart år, men no har vi ikkje hatt juletre på 10 år. Det går bra lell.
- Tradisjonen er lutefisk, lefse og risengrynsuppe. Men i år skal vi til ein av ungane på julekvelden, så da er menyen ukjent.
- Ettersom vi ikkje blir heime, blir det ikkje kyrkje på meg denne julekvelden.



**Anne Sletten**

- Det er furutre, heilt klart. Koseleg å pynte treet like inni jula. Eg har ingen spesiell tradisjon når det gjeld pynten – eg har noe gammalt og noe nytt.
- I år blir det pinnekjøtt, men før hadde vi lutefisk, lefse og mjølkesuppe.
- Ja, eg skal til kyrkja juleftan, det synes eg er koseleg. Der får eg den riktige julestemninga.

Tekst: Kari Garmager. Foto: Mariann Holmsen / privat.

## Diktet mitt

*Dagene kommer, dagene blir til år,  
og vi vet ikke hvor mange av dem vi får.*

*Tenk ikke så mye på det du ikke har,  
For livet det gir og livet det tar.*

*Gjør heller noe du gjerne vil,  
og gled deg over å være til.*

Ukjent

Diktet har et kort, men greit budskap som jeg tror vi lett glemmer i hverdagen.  
Til neste gang utfordrer jeg Anita S. Brendryen!



Nina Nyvoll Røsten





## «Juleprofeten»

Bibelen fortel om mange profetar. Ein profet var ein som på ein særskild måte bar fram bodskap frå Gud, gjerne med sterkt biletspråk. Profetane kunne fortelje om korleis framtida skulle bli, eller seie noko avgjerande om samtida. Eit vidgjetete døme er profeten Amos sin skarpe dom over grannefolka til Israel: «Herren brøler frå Sion, frå Jerusalem ljomar røysta hans». Ja, Amos kunne til og med halde ei klage over sitt eige folk, forma som ei gravferdstale (Amos 5,1-3).

Den profeten det her skal handle om, har fått namnet sitt knytt til ei ganske omfattande bok i Bibelen. Ho inneheld fleire kjende vers som har vorte tolka som spådommar om Jesus sin fødsel om lag 700 år seinare. Det meste kjente verset lyder slik:

*Sjå, den unge jenta skal bli med barn og føda ein son, og ho skal gje han namnet Immanuel.*

Kven og kva er det eigentleg tale om her? Etersom *Immanuel* tyder 'Gud med oss', vart verset tidleg tolka om julehendinga ved Betlehem, der Guds son vart fødd til jorda. I tidlegare omsetjingar var 'jomfru' vanleg i staden for 'ung jente', noko som truleg også førte tankane til juleevangeliet.

Første juledag (dei seinare åra julaftan) kan vi høyre desse orda frå den same profeten lyde i våre kyrkjer:

*For eit barn er oss fødd,  
ein son er oss gjeven.  
Herreveldet er lagt på hans skulder.  
Han har fått namnet  
Underfull Rådgjevar, Veldig Gud,  
Evig far, Fredsfyrste.*

Mange som syng i kor og/eller er glad i klassisk musikk, vil kjenne att desse orda (riktig nok på engelsk) frå *Messias* av Händel. For også desse versa har blitt tolka som ein spådom om fødselen til Messias, det vil seie Jesus Kristus.

Kva heitte så profeten som skal ha kome med desse spådommane? I nyare bibelutgåver er første bokstaven i namnet J, medan namnet hans tidlegare vart skriven med E som forbokstav. Før du eventuelt ser etter under Småplukk lenger ut i bladet for å finne svaret, kan vi ta med ein liten kuriositet. Profeten blei kalla til si gjerning i samband med eit syn han hadde. I synet såg han Gud med ei kappe så stor at kanten på kappa fylte heile templet, og røysta han høyrde, fekk boltane i tempelportane til å riste.



Profeten forutsier Jesu fødsel (Harry Anderson, IRI/ ids.org)

## Glimt frå kyrkjelivet:

### Musikal og bok for fireåringane

Laurdag 8. og søndag 9. oktober var det samling i Dalen kyrkje for fireåringane, med innøving av songar og leiker på laurdagen. På gudstenesta søndag tok ungane del i ein liten musikal om Noahs ark.

(Foto: Mari Tallerås)



#### Mi kyrkjebok:

Første rekkje frå venstre: Eirik Tallerås, Marit Samuelshaug, Torgrim Berget Streitlien, Tormod Sæteren og Linus Jentoft. Andre rekkje: Even Løkken-Engh, Herman Tamnes, Beatrice Pettersen, Christer Bakke.



#### Samba:

Even Løkken-Engh (til venstre) og Herman Tamnes dansar i veg i musikalen saman med Solveig Elgevasslien.

#### Tenn lys:

Konsentrasjon ved lysgloben.

Frå venstre Torgrim Berget Streitlien, Mildrid Østensen, Tormod Sæteren og Marit Samuelshaug. (delvis skjult til høgre: Jenny Spydevold Tallerås)



## Glimt frå kyrkjelivet:

### Bispevisitas

Biskopen besøkte bygda vår siste veka i oktober. Visitasen omfatta messe i alle tre kyrkjene ved sida av besøk på institusjonar og møte med råd, frivillige og tilsette.

(Foto: Bård Høisen Lohn)



#### Minikor:

Eit flott minikor med elevar frå Folldal kulturskole song Velsignelsen under salmekvelden i Dalen kyrkje.

Første rekkje frå venstre: Victoria Pettersen, Caroline Nessa, Celine Bakke, Anja Katrin Johnsen, Lucinda Peschel, Oline Kjøsberg. Bak: Charlotte Bakke, Imbrikt Elgevasslien, Eivind Bjørnbakken Eide, Sivert Husom. Framfor dei to sistnemnde står Angelica Garmager og Billie Latu Beriby.

#### Smak av vilt:

Etter jegermessa i Egnund kapell fekk forsamlinga gode smaksprøver av viltkjøtt, samt kaffe og kake.

Ved bålpanna og viltgryta til høgre ser vi Stein Olav Lilleeng og Solvor Brustad Lilleeng. Til venstre i forgrunnen leiar i kapellutvalet, Dagny Straalberg Mills.



#### Ved kyrkjetrappa:

Prost Simen Simensen, biskop Solveig Fiske og soknerådsleiar Grete Morken helsar på kyrkjelyden på veg ut att frå messa i Folldalskyrkja.

## Fra kjøkkenvinduet

*Under denne vignetten skriver vår spaltist om stort og smått fra sitt utsiktspunkt på kjøkkenet.*



Ja, så nærmer vinteren seg med stormskritt. Vi har hatt en strålende høst med mye fint vær og det er lenge siden høstfargene var så nydelige som denne høsten. Men nå har Knutshovda tatt på seg en hatt av frost og naturen har gått til ro. På fuglebrettet er det derimot mer livlig enn på lenge. Det var lite fugler i vår og jeg begynte å bli engstelig for småfuglbestanden. Men så hengte jeg ut litt nøtter, fylte opp solsikkebeholderen og vips der var det et yrende liv av mange fugleslag og ekn. Det ser ut som de er mer sultne enn noen gang, eller er det fordi det er lettvin og sikkert å besøke fuglebrettet. En ting er sikkert, det er like hyggelig hver eneste morgen å betrakte fuglebrettet og se på hierarkiet som råder blant disse små fjærballene.

Sommeren gikk så fort synes jeg, men noe som gjorde denne sommeren minnerik, var stolpejakta. En stor takk til dem som ordnet denne morsomme jakta! Vi har vært på stier vi ikke har gått på mange år og områder vi ikke har vært i før. Min bedre halvdel fant ut at han skulle i det minste se alle de stolpene vi fant uansett terreng. Og det kan jeg love dere var ganske anstrengende når du er avhengig av rullator. Han har gått på smale stier, sklidd på glatt mose og klamret seg til trær. En gang seig både han og treet over ende. Det gikk bra, men den lille bjørka reiste seg opp igjen først. Barnebarna har gått foran rullatoren og dratt den, mens jeg har gått bak og holdt gubben i belteremma. Vi fant ikke alle stolpene, men du verden så moro vi har hatt det på disse jaktturene. Det er helt tydelig at disse turene i ulendt terreng har gjort godt for en slagpasient, så nå fortsetter vi å gå på stier i skogen og holde på formen til neste års stolpejakt, for det blir det vel?

Så er det like før vi går inn i, kanskje den koseligste tida på året, advent. De lange, mørke kveldene kan brukes til innesysler og alt roer seg ned synes jeg. Skjønt ro, for de fleste er det den mest hektiske tida. Men kanskje bør vi tenke over, at om vi ikke rekker alt vi har planlagt for en fin julefeiring, så blir det jul likevel. Og kanskje syns resten av familien at julaften er mye hyggeligere når mor ikke ligger utslitt på sofaen. Hvem er det som ser at ikke alle tak er vasket til jul? Det er veldig koselig å forberede julefeiringen på kjøkkenet med julesangene fra radioen i bakgrunnen. Men behøver vi 10 slag?

Det er noe som heter begrensningens vanskelige kunst, og det har jeg følt på mang en gang. Når du vet at noen liker goro, noen siruptynnkake, en syns smultringer er herlig, en annen mener sandkaker må vi ha, ja da er det vanskelig å ikke fylle kakeboksene. Jeg har så smått begynt å finne frem glanspapir til en kveld med laging av julepynt. Små fingre blir veldig ivrige når papir og limstiften er klar.

Hva gjør det vel om det klippes litt skjevt og kurvflettinga skar seg litt, når resultatet blir hengt opp, og stolthet og glede lyser ut av fornøyde barneøyne, ja, da kommer julestemningen ganske raskt.

Og i år som i fjor skal jeg bake pepperkaker med barnebarna. Det spises pepperkakedeig og søles melis over hele kjøkkenet, men så moro vi har det og så koselig å tenke tilbake på.

Det er ekstra koselig i Folldal i adventstida synes jeg. Folk er blitt så flinke til pynte ute også. Det er både juletre og dekorerte hus som lyser i vintermørket. Ellers er det vel også snart på tide å finne fram de gamle nissene og røde lys. Jeg gleder meg like mye hver jul til å ta frem julepynten jeg har samlet gjennom mange år. Og det er ikke lite. «Skal du ikke henge noe i garasjen så det ikke blir så mye inne», gjentar min bedre halvdel hvert år. Jeg har etter hvert funnet ut at alt behøver ikke å komme frem hver jul. Det går an å ta fram noe ene året og noe annet det neste året. Men noen nisser trenger seg mere frem enn andre. Den gamle Alvdalsnissen i pappmasje må stå i gangen.

Han ble kjøpt midt på 70-tallet i nabobygda og er sterkt preget av tidens tann. Han har mistet begge bena og må stå i en kopp, men han hører julen til. I fjor kjøpte jeg en kjempenisse som jeg etter mye strev fikk lagt på loftet da julen var over. Da jeg endelig fikk plassert den, lå det sannelig en like stor en der fra før som jeg helt hadde glemt. Disse må selvfølgelig frem i lyset i år. Det skal bli spennende å se hvordan de oppfører seg ned den smale loftstrappa, særlig han som var så kranglete da han skulle opp på loftet etter jul i fjor. Dessuten må den nydelige engelen, kjøpt i en liten, uanselig butikk i gamlebyen i Warszawa og som har hele juleevangeliet malt på kjolen, selvfølgelig stå på sin faste plass. For ikke å snakke om fader Frost fra St. Petersburg. Kort sagt, jeg tror min bedre halvdel kommer til å vasse i julepynt i år også.

Ellers går vi inn i ei tid med mange koselige julemesser, mange hyggelige kaffestunder og gjenhør med de gode gamle julesangene. Jeg har like stor forventning og er like oppglødd over jula enda så gammel jeg er. Det er så koselig å samle slekt og venner til små friminutt i denne travle tida. Vi må ikke glemme, midt i alt stresset, at det er i møte med mennesker at en opplever magiske øyeblikk.

Så håper jeg at vi alle får ei fredelig og fin julefeiring. Og at vi setter pris på at vi har det så godt og trygt og kan feire jul i frihet og glede i dette flotte landet. Men i all vår vellykkethet og velstand skal vi heller ikke glemme de som ikke har noe eller er ensomme. En behøver ikke gå lenger enn i nabolaget, kanskje er det en som syns at et besøk hadde vært hyggelig eller hadde satt stor pris på en velfylt kakeboks. Så gjelder det å roe seg ned, nyte adventstida og ikke minst kose seg i jula.

**Riktig GOD JUL og ET GODT NYTT ÅR til dere alle!**

Solvor Alstad



 **KIRKENS SOS**  
HEDMARK OG OPPLAND

**Ønsker du å støtte  
Kirkens SOS i Hedmark  
og Oppland?**

Send SMS til **2160** med  
kodeord **Alltid 3**.

Takk for ditt bidrag på kr 150,-  
til vårt viktige arbeid!

For mer informasjon:  
[www.kirkens-sos.no/ho](http://www.kirkens-sos.no/ho)



## 50- årskonfirmanter.

### Årets jubilantar samla i Dalen kyrkje



Første rekke frå venstre: Eva Borkhus, Anne Mari (Lohn) Voll, Geirdis Dalen Holter, Ingrid (Lien) Dalen, Alis Mæhlum Rognstad.

Andre rekke: Gerd Synnøve Dalløkken, Gerd Haldis Brennøden, Sissel Brennøden Skomakerstuen, Karin Nyheim Larsen, Liv (Nyheim) Bakken, Randi Nyheim Aglen, Gunhild Kjøsberg.

Tredje rekke: Ragnhild (Øyen) Bakken Berg, Ruth Bakken, Hallgerd Hoel Tørhaug, Gyda Brendryen Høyby, Åse (Løkken) Øvergaard, Liv Jorun Bekken, Laila Marie Larshus Brevik.

Fjerde og femte rekke: Vemund Bakken, Gunnar Røsten, Kjell Dalløkken, Anton Magnar Streitlien, Jan Ivar Rekstad, Per Martin Østensen, Odd Kristoffersen, Rolf Karstein Rogstad, Ståle Blæsterdalen, Hallgeir Odden, Hans Einar Thompson, Widar Ryeng, Tor Erik Brandsnes.

(Foto: Geir Olav Slåen)

### Den store stjerna

*Den store stjerna som steig i aust  
med ljøs over verda,  
tende vår von for framtidserda  
i heimsens mørke haust.  
Den store stjerna gjer oss fri  
med sitt bod no ved juletid.*

*Den store stjerna for fyrste gong  
bar bod om ein frelsar.  
Fattig og rik går fram og helsar  
eit nyfødt barn med song.  
Den store stjerna gav oss ord  
med ei von for vår veike bror.*

*Den store stjerna i natta kald  
har synt oss eit under.  
Lyser med trøyst i tunge stunder  
for folk i tusental.  
Den store stjerna høg og klår  
er vårt ljøs på den veg vi går.*

*Den store stjerna står klår som før  
og ber oss å dela,  
gje alt vi kan, og såra hela  
hos våre svoltne brør.  
Den store stjerna gjer oss fri  
med sitt bod no ved juletid.*

Denne vakre julesalmen vart skriven av den nordnorske forfattaren og kulturarbeidaren Trygve Hoff. Svein Gundersen har laga melodien. Hoff og Gundersen har komponert mange andre kjente tekster og tonar, mellom anna *Har en drøm*. Trygve Hoff står òg bak *Nordnorsk julesalme* (1985). Trygve Hoff døydde i 1987, same året som *Den store stjerna* kom på trykk.



Foto: Bård Høisen Lohn



## Småplukk

**Bussturen til Lesja** i august samla over 30 reiselystne folldøler. Vi fekk omvising i Lesja kyrkja og middag på Tunstugu. Stemninga var god både på bussen, under kyrkjebesøket og på det fine bygdetunet i området ikring!

**Tredje juledag fortsetter** vi med *Julens salmer og toner*, som allereie har blitt ein liten tradisjon. Staden er Folldalskyrkja, klokkeslettet 19.30. Elevar på kulturskolen tek del saman med lokale songarar og musikarar.

**Juletreffest**en vert arrangert på heilagtrekongersdagen, 6. januar kl 19 på Rondeslottet. Gang rundt juletreet, song og musikk med annan underhaldning. Servering. Velkomne!  
(Arr.: Folldal menighetsråd)

**Profilen** (side 7): Namnet på profeten er *Jesaja* (Esaias).



**Prosesjonskors:** Dalen kyrkje har i haust fått laga prosesjonskors. Reidar Morken har gjort snikkerarbeidet. Mari Tallerås har utført treskjeringarbeidet og måla korset. På biletet ser vi Grete Morken ber prosesjonskorset ut frå visitasgudstenesta i Folldalskyrkja 30. oktober. (Foto: Bård Høisen Lohn)

- SELSKAPSLOKALE MED SÆRPREG -

# Kvebergsøya Gard

VELKOMMEN TIL OSS!

- Møte- og konferanselokaler med digitalt utstyr
- For 20 til 48 personer
- Overnatting i miljø fra oldemors tid
- Kjøreopdrag og kanefart
- Ring for menyforslag og priser

**FJØSET er et unikt lokale  
velegnet til feiring.**

Bursdager, barnedåp og konfirmasjon.

**Ledig for konfirmasjoner i 2017.**

Ta kontakt for et tilbud



Eris Davids & Martin Kjøsberg

2582 Grimsbu

Mob: 4161 3941 / 9524 1571

[www.kvebergsoeya.com](http://www.kvebergsoeya.com)

[post@kvebergsoeya.com](mailto:post@kvebergsoeya.com)



# Grimsbu Turistsenter Motell & Camp \*\*\*\*

2582 GRIMSBU

Telefon: 62 49 35 29

Telefax: 62 49 35 62

e-mail: [mail@grimsbu.no](mailto:mail@grimsbu.no)

[www.grimsbu.no](http://www.grimsbu.no)



## Åpningstider:

Hverdager 08:00 til 22:00

Lørdager og søndager: 09:00 til 19:00



Utleie – Kurs – Salg

Kano

Klatring

Juving

Sykling

Paintball

telefon: 91 57 41 34

mail: [fritid@grimsbu.no](mailto:fritid@grimsbu.no)

[www.grimsbu.no/fritid](http://www.grimsbu.no/fritid)

Selskapslokaler – Møtelokaler – Kafeteria – Hytter – Rom - Camping

Middag serveres hver dag fra 13 til 19  
Grillmat i hele åpningstiden.

## Totalleverandør av trykksaker og grafiske tjenester

# INFOTEK<sup>AS</sup>

- Trykksaker
- Logoutforming
- Firmaprofil
- Visittkort
- Aviser og tidsskrifter
- Brosjyrer
- Plakater

- Hefter og bøker
- Fargekopiering
- Papir og konvolutter
- Invitasjoner
- Konfirmasjonssanger
- Bryllupssanger
- Gravsanger



Abonner på Folldals Marked  
- så får du vite hva som rører seg i bygda.



**FOLLDALSPORTALEN.NO**

Telefon 62 49 05 55 • E-post: [post@infotek.as](mailto:post@infotek.as)



FOLLDAL MENIGHETSBLAD

Ansvarlige utgivere:  
Folldal menighetsråd og  
Øvre Folldal sokneråd

Returadresse:  
Folldal prestekontor, 2580 Folldal  
Utforming: Infotek AS, 2580 Folldal

## Velkommen til kirke!

### 16. des (fredag)

19.00 Dalen krk. Vi synger og spiller julen inn

### 18. des 4. søndag i adventstiden Luk 1,46-55

19.00 Folldal krk. Vi synger og spiller julen inn

### 24. des Julaften Luk 2,1-20

11.00 Egnund kpl. Holte.

Familiegudstjeneste. Offer: Kirkens Nødhjelp (KN)

11.00 Folldal Bo- og servicesenter. Ryen.

Juleandakt

14.30 Dalen krk. Ryen. Familiegudstjeneste.

Offer: KN

16.00 Folldal krk. Ryen.

Familiegudstjeneste. Offer: KN

### 25. des Juledag Joh 1,1-14

12.00 Folldal krk. Ryen.

Høytidsgudstjeneste. Nattverd. Offer: Kristen Idrettskontakt

### 26. des Andre juledag Matt 2,16-23

11.00 Dalen krk. Ryen.

Høytidsgudstjeneste. Nattverd. Offer: Menighetsarbeidet

### 27. des

19.30 Folldal krk. Julens salmer og toner.

Romjulskveld med lokale sangere og musikere.

### 31. des Nyttårsaften Luk 13,6-9

15.00 Folldal krk. Ryen. Nyttårsmesse.

Nattverd

### 6. januar (fredag)

19.00 Rondeslottet. Menighetens juletefrefest

### 15. januar 2. søndag i åpenbaringstiden Matt 3,13-17

11.00 Folldal krk. Ryen. Høymesse med nattverd

### 29. januar 4. søndag i åpenbaringstiden Luk 18,35-43

11.00 Dalen krk. Ryen. Høymesse med nattverd

### 5. februar 5. søndag i åpenbaringstiden Mark 2,1-12

11.00 Folldal krk. Ryen. Høymesse med nattverd

### 12. februar Såmannssøndagen Luk 8,4-15

16.30 Folldal Bo- og servicesenter. Ryen. Gudstjeneste med nattverd

19.00 Folldal krk. Ryen. Salmekveld

### 19. februar Kristi forklarelsesdag Matt 17,1-9

11.00 Dalen krk. Ryen. Høymesse med nattverd

### 5. mars 1. søndag i fastetiden Matt 4,1-11

11.00 Folldal krk. Ryen. Høymesse med

nattverd. Kirkekafe med menighetens årsmøte